

MØRE OG ROMSDAL
BONDELAG



Kjære lokallagsstyre ved leiar og nestleiar

Lokallagsbrev februar 2010

Vår saksbehandlar
Gunnar K. Wentzel/Arild Erlien/Atle Frantzen
71 20 28 90

Vår dato
2010-02-15
Deres dato

Vår referanse

Deres referanse

Fristar:

- * 25. feb: Uttale jordbruksforhandlingane
- * 28. febr: Påmeldingsfrist fylkesårsmøtet (Molde 12.-13.mars)
- * 15. april: Påmelding Open Gard

Innkalling årsmøte i M&R Bondelag 12. - 13. mars 2010 Alexandra i Molde

Årsmøtet tek til fredag 12. mars kl 10.00 Påmelding innan 28. februar.

Til medlemmer av årsmøtet, andre inviterte og gjestar som blir invitert for eiga rekning følgjer vedlagt denne sending førebels program og påmeldingsskjema.

Sakliste og endeleg program vert sendt ut ca. 4. mars saman med årsmelding, rekneskap, arbeidsplan og budsjett, valnemnda sitt forslag, innkomne saker, deltakarliste og andre sakspapir. Utsendingar frå lokale Bondelag er: Leiaren. I tillegg vel lokallag med over 100 medlemmer ein utsending for kvar påbegynt 100 medlemmer: 101-200 gir 1, 201-300 gir 2 osv.

Valnemnda: Inge Martin Karlsvik leiarkandidat i M&R Bondelag

Heile valnemnda si tilråding vert sendt ut ca. 4. mars saman med sakspapira til årsmøtet

Lagt ut på heimesida 15. februar:

Inge Martin Karlsvik, Eide, er valnemnda sin kandidat til leiarvervet i Møre og Romsdal Bondelag. Arne Magnus Aasen, Tingvoll, har sagt frå seg attval etter seks år som fylkesleiar.

Birgit Oline Kjerstad, Haram, er foreslått til ny nestleiar etter Inge Marin Karlsvik, som no rykker opp til leiar. Kjerstad har vore styremedlem dei tre siste åra.

I tillegg til Aasen har også Per Kristian Gjerde, Stranda, sagt frå seg attval. Som nye fylkestyremedlemmer er foreslått Hans Frafjord, Vestnes og Audun Skjervøy, Norddal. Styremedlem Anne Katrine Jensen, Gjemnes, er ikkje på val til styret i år.

Som nye varamedlemmer til fylkestyret i Møre og Romsdal Bondelag er foreslått Arne Rekkedal, Ørsta, Janne Mork, Averøy og Petter Melchior, Norddal.

Anne Saltrø Polden, Surnadal, er for årsmøtet 2011 foreslått som ny ordstyrar i årsmøtet etter John Helde, Nesset, som har takka nei til attval.

Inge Martin Karlsvik er 35 år, og driv med mjølkeproduksjon i nybygd fjøs på heimgarden i Eide. Han er tidlegare mangeårig leiar i Eide Bondelag, og har vore styremedlem i Møre og Romsdal Bondelag i fem år, dei to siste åra som nestleiar.

Uttale framfor Jordbruksforhandlingane - frist 25. februar

Vi minnar om studieheftet Jordbruksoppgjeret 2010 med aktuelle tema og spørsmål. Fylkeslaget sitt førsteutkast til uttale vart sendt ut på eige ark i desember. Vi ser at det er stor aktivitet med studiearbeid i mange lag. Det er halde eller planar om medlemsmøte som vi veit om i Surnadal, Rauma, Gjemnes, Hustad, Fræna, Vestnes, Todalen, Eidsdal og Norddal.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	Mobil:	E-postadresse
PB 2047 Moldegård 6402 Molde	Fannestrandveien 63. Molde	71 20 28 90 / 907 29 582	907 29 582	More.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 939678670 Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto: Bankkonto:	3980.07.11308 8101.05.91392	Internet: www.bondelaget.no/moreogromsdal

Vår dato
2010-02-15

Vår referanse

Fylkesstyret i M&R Bondelag skal handsame sin uttale torsdag 4. mars. Alle uttaler blir kopiert og lest av fylkesstyret, og sendt vidare saman med fylkeslaget sin uttale til Norges Bondelag.

Ved studiering: Husk å fylle ut og sende inn dei skjema som er vedlagt studieheftet slik at arbeidet i lokallaget vert registrert. Studieleiar i lokallaget har fått tilsendt dei skjema ein treng for registrering av studiearbeidet: delvis utfylt søknadsskjema B, kvittering for studiemateriell, søknadsskjema C for evt foredragshaldars reise samt innmeldingskort til bruk dersom det settes i gang meir enn ein studiering. Er ein 2 eller fleire, og har møter inkludert medlemsmøte med utgangspunkt i studieheftet på min 8 timar (nytt av i år) er det viktig å sluttmelde ringen. Norges Bondelag får da utbetalt tilskot til å dekke ein del av materiellkostnadene.

Medlemsverving – mange lag ligg tett oppunder målet om fem nye medlemmer

Vi minnar om at den uhøgtideleg vervekonkurransen går fram til fylkesårsmøtet i mars, og premiering til alle som har fått minst 5 nye medlemmer. Registrering av denne premieringa følgjer ikkje kalenderåret. Vi fører liste over **all nyverving frå årsmøte -09 og fram til årsmøte 12. mars 2010.** Stå på til siste dag – fleire lokallag ligg idag tett oppunder 5 nye medlemmer!

Open Gard søndag 22. august 2010

- eit arrangement i kvar del av fylket - frist 15. april

Arrangementet går av stabelen søndag 22. august. Målet er 100 gardar over heile landet, med hovudvekt av arrangementa på denne dagen. Open Gard er eit arrangement Bondelaget vil prioritere. Her får vi vist folk flest kva verdiar bonden og landbruket representerer. Lokallag i ein del regionar kan også gå i lag om å finne fram til minst ein besøksgard. Nokre stader blir Open Gard halde på seter / saman med bygdedagar og evt ein annan dato.

Tiltak før jordbruksforhandlingane 2010

- Informasjonstiltak heile landet den 14. april

Viser til skriv frå Norges Bondelag med orientering om strategiar og tiltak før forhandlingane 2010.

Hensikten med tiltaka er å få eit politisk grunnlag for ei jordbruksavtale som sikrar eit skikkeleg løft. *Politikarar på alle tre nivå må kjenne til landbrukets betydning og forstå at rammevilkåra må betrast betrakteleg for at vi skal kunne gjennomføre vår del av samfunnskontrakten.*

HMS - kurs

Vi minner om HMS-kurs

Kontaktperson for kurs på Nordmøre: Sigmund Moen Trønsdal, tlf 900 46 093.

Kontaktperson for kurs i Romsdal: Gunn Hoffset Innerdal, tlf 91372385.

Kontaktperson for kurs på Sunnmøre: Kari Norbakk Rovde, tlf 415 09 979

Vi minner også om at M&R Bondelag bidrar med kr 1.000,- til kvart gjennomført kurs i regi av lokale bondelag og at det i tillegg kan søkjast om vaksenopplæringsmidlar. Sjå også www.lhm

Avløysarkurs 2010

Følgjande kurs er planlagt inneværande år:

Molde	vår 2010	avløser/landbruksvikar	mjølkereprod.	BSF Ørsta/Hareid, Ulstein, Herøy	46432050	morten.feiring@n-lt.no
Sunnmøre	høst 2010	nye avløserer	mjølkereprod.	BSF Ørsta/Hareid, Ulstein, Herøy	46432050	morten.feiring@n-lt.no
Nordmøre	høst 2010	nye avløserer	mjølkereprod.	BSF Ørsta/Hareid, Ulstein, Herøy	46432050	morten.feiring@n-lt.no
Romsdal	høst 2010	nye avløserer	mjølkereprod.	BSF Ørsta/Hareid, Ulstein, Herøy	46432050	morten.feiring@n-lt.no

Vår dato
2010-02-15

Vår referanse

Rapportering av gjennomførte kurs

Kurs og studieringar gjennom Bygdefolkets Studieforbund som er avslutta/gjennomført i 2009 bør snarast rapporterast/sendast inn utfylte rapportskjema slik at tilskot kan utbetalast.

Kurs Dyrevelferd

Norges Bondelag anbefalar alle som steller husdyr å ta kurset. Siste meldingar vedr krav til kompetanse er å lesa på

<http://www.bondelaget.no/kompetanse-utdanning-og-forskning/kompetanse-opphever-krav-om-utdanning-utdanning-article51537-209.html>

Rigmor A. Eide, Næringskomiteen, KrF, inviterte seg til Bondelagsskolen

Storingsrepresentant Rigmor Andersen Eide som representerer Kristelig Folkeparti og sitter i Næringskomiteen inviterte seg til en ettermiddag på Bondelagets kontor til "Landbruksskole".

Organisasjonssjef Gunnar Wentzel møtte en spørrelysten og engasjert folkevalgt i gjennomgangen av jordbruksavtala og politiske dokument, og konstatererte at kandidaten har et godt utgangspunkt med sin innsikt i næringsliv generelt.



- Storingsrepresentanten var rask til å sette seg på samme plass da hun fikk beskjed om hvor Kjell Magne Bondevik tidligere har sittet på Bondelagskontoret i Molde. Også den gangen inviterte ledelsen i Kr F i fylket seg selv til gjennomgang av næringspolitiske saker. Rigmor Andersen Eide ønsket seg en faglig gjennomgang av dokumenter og ordninger. Det ble tre skoletimer uten frikvarter.

Bondelagets avtaleguide fungerte som ABC. Tema var også skatt og avgift. Den gjeldende stortingsmeldingen om landbruk og mat ble utarbeidet av KrF's Kåre Gjønnnes, men lagt fram uten endring av en påtroppende Arbeiderpartiregjering.

Møre og Romsdal har fire representanter i Næringskomiteen. I forkant av valget fikk Arbeiderpartiets Else-May Botten en lignende gjennomgang av organisasjonssjefen, den gangen på LO-kontoret.

Bruk av fylkeskontoret og styret

Vi vil minne om at fylkesstyret og kontoret står til disposisjon for å delta på styremøte eller medlemsmøte når ønskjeleg. Lokallagsstyra er også velkomne til å leggje styremøte kombinert med kursing til fylkeskontoret i Molde dag eller kveld. På fylkeskontoret har vi kopimaskin (også med farger til brosjyrar) som lokallaga kan kome og bruke. Vidare frankeringsmaskin der laget betaler for porto. Laga kan bestille og få tilsend adresselappar for skriv til medlemene.

Andre vedlegg:

Protokoll frå styremøte 8.-9. februar 2010

Innspel til ny stortingsmelding om landbrukspolitikken frå M&R Bondelag

Lokallaga sine medlemstal pr. 31. des. 2009.

Presseklipp frå Tidens Krav om rødgrønn allianse mot sosial dumping

Presseklipp frå Romsdals Budstikke – Fræna Bondelag på matpakkedag.

Med vennleg helsing

Arne Magnus Aasen (leiar) Inge Martin Karlsvik (nestleiar)

Birgit Oline Kjerstad Per Kristian Gjerde Anne Katrine Jensen Hans Frafford (1. vara)

Anne Turid Myrbostad (sekr) Atle Frantzen (org kons)

Arild Erlien (org kons) Gunnar K. Wentzel (org sjef)

Møre og Romsdal Bondelag - Lokallag med medlemstal 2009

Lokallag	Nyinnmeldte i 2009	31.des 2009	31.des 2008	Endring
SUNNMØRE				
Vanylven og Syvde	3	74	75	-1
Rovde	1	25	25	0
Sande	0	24	28	-4
Vestre Sunnmøre	4	84	86	-2
Volda og Dalsfjord	1	55	55	0
Austefjorden	0	45	46	-1
Bjørkedal/Kilsfjord	0	8	8	0
Ørsta	3	85	85	0
Follestaddal	0	22	25	-3
Hjørundfjord	4	65	63	2
Skjåstaddalen	2	30	29	1
Ørskog	8	37	31	6
Eidsdal/Norddal	3	46	46	0
Valdal	1	66	66	0
Stranda	2	54	54	0
Sunnylven	0	69	70	-1
Geiranger	1	8	7	1
Liabygda	0	20	20	0
Stordal	1	31	31	0
Sykkylven	25	103	78	25
Skodje	3	47	46	1
Giske	1	57	59	-2
Hildre og Vatne	2	38	40	-2
Ytre Haram	1	38	37	1
Fjærtøft og Harøy	0	20	22	-2
ROMSDAL				
Molde	3	113	114	-1
Vestnes	6	128	128	0
Rauma	17	169	163	6
Nesset	2	90	94	-4
Midsund	1	28	28	0
Gossen	3	48	45	3
Fræna	10	145	144	1
Hustad	1	102	106	-4
NORDMØRE				
Eide	1	72	75	-3
Kvernes	0	14	15	-1
Averøy	10	141	144	-3
Frel	1	18	17	1
Gjemnes	9	174	177	-3
Tingvoll	0	92	97	-5
Straumsnes	3	74	73	1
Sunddal	6	90	91	-1
Øksendal	2	32	30	2
Ålvundeid	2	41	42	-1
Ålvundfjord	0	23	25	-2
Sumnadal	5	187	193	-6
Todalen	1	34	36	-2
Rindal	8	193	189	4
Aure	7	125	128	-3
Halsa/Valsøyfjord	3	78	77	1
Smøla	4	68	66	2
Direkte medlemmer	0	1	1	0
Møre og Romsdal	171	3431	3.430	1



Norges Bondelag
ved Ole Nikolai Skulberg
Oslo

KOPI: Lokallaga
Sogn og Fjordane Bondelag
Hordaland Bondelag

Vår sakshandsamar
Gunnar K. Wentzel
gunnar.wentzel@bondelaget.no
Tlf 71 20 28 92 m907 29 582

Vår dato
9. februar 2010
Deres dato

Vår referanse
Deres referanse

Innspel til ny stortingsmelding om landbrukspolitikken frå Møre og Romsdal Bondelag

Viser til oppmoding frå Norges Bondelag om å kome med innspel innan 10. Februar og notat med problemstillingar. Saka var siste gong drøfta i styremøte her 9. februar.

1 Ambisiøse målsettingar for norsk landbruk og matproduksjon komande 10 år

Det komande tiåret vil det nasjonalt og internasjonalt bli behov for meir mat. Internasjonale avtalar må slå fast alle land sin rett til vern om matproduksjon for eige folk.

Dette vil ha konsekvensar for korleis vi ser på utnytting av eigne ressursar for landbruksproduksjon og bruk av ressursar i andre land. I ein periode framover kan det bli sterk konkurranse frå billigare import. Nasjonalt og internasjonalt vil det likevel bli auka press på landbruksareala og aukande miljøutfordringar.

Jordbruksavtala med den norske landbrukspolitiske modellen skal medverke til:

- * Sikre landbruk med variert bruksstruktur over heile landet med ein klår distriktsprofil.
- * Prioritere mjølkeproduksjonen og det grovfôrbaserte husdyrholdet i fjord- og fjellbygdene elles som har svært låg inntekt i forhold til arbeidsbehov. (Sone D for mjølk)
- * Midlar over statsbudsjettet må bli nytta målretta for å gi utjamning mellom distrikt og sikre variert bruksutvikling over heile landet.

Dei store strukturendringane har ikkje gjeve bonden betre økonomi. Mjølkeproduksjonen er dobla sidan førre stortingsmelding. Ny dobling er ikkje muleg inn i det nye tiåret. Tilsvarande for dei kraftfôrbaserte produksjonane. Vi kan ikkje vedta ein bestemt struktur eller produksjonsomfang, men må ha forhold for variert bruksstruktur over heile landet. Strukturen må vere tilpassa det landskap og det klima vi driv i. Storsamfunnet har reist med produktivitetsvinsten, elles ville næringa sitte att med vesentleg årleg inntektsauke. Det vil alltid vere ei naturleg strukturutvikling, og den må tilfalle næringa til dekning av kostnadene. Rammeforholda må leggje til rette for å nytte ut garden sine samla ressursar.

2 Føresetnad at bøndene sine inntekter blir løfta opp på line med andre grupper og Vestlandet må på høgde med bøndene i resten av landet.

Gjennomsnittleg vederlag til arbeid og eigenkapital i landbruket er rundt det halve av andre grupper. Vestlandet ligg under gjennomsnittet for bønder. Gjennomgangen må ta sikte på at økonomien for ulike produksjonar og vilkår blir jamna meir ut. Tidlegare endringar har spesielt svekka økonomien for vanlege bruk på Vestlandet og bruk som driv fleire produksjonar.

Vederlag pr arbeidstime er svært ulik mellom produksjonar og distrikt. Referansebruka viser faktiske rekneskap der kostnadsfaktorar dels er normalisert. Resultata viser stor skilnad i årsverksinntekt, med rundt 230.000 kr.

(Frå 138.000 kr til 373.000 kr for 2009 før avtale.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	E-postadresse
PB 2047 Moldegård 6402 Molde	Fannestrandveien 63 Molde	71 20 28 90 907 29 582m/SMS	more.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag	Org.nr.: 939678670	Bankkonto: 3980.07.11308	Internet:
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto: 8101.05. 91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal

Ref. bruk 22 med 0,38 årsverk korn er halde utanom).

Produksjonstilskota, som er dei verkemidla ein kan nytte til fordeling mellom bruk og distrikt, viser også stor skilnad pr årsverk, med rundt 180.000 kr.

(Frå 108.000 kr og opp til 288.000 kr for dei største kornbruka. Bruk med 19 årskyr Vestlandet får kr 205.000 pr årsverk.)

3 Prioritere Distriktstilskot som er eit målretta virkemiddel ned på gardsnivå

Distriktstilskotet er målretta ned på gardsnivå og med garantert distriktsverknad. Distriktstilskotet er knytt til faktisk levert produkt og kompenserer kostnadene etter mengde. Distriktstillegga imøtekjem difor også dei litt større bruka i distrikta i forhold til kostnadene som føl produksjonsomfang. For legitimiteten til næringa og tilhøvet mellom bønder er det rett at verkemidla er knytt til faktisk leveranse så langt muleg.

Distriktstilskot har ikkje kostnadsdrivande effekt på leigejord slik som arealtillegg.

Distriktstilskot er billeg å forvalte og lett å kontrollere.

Distriktstilskot er i blå boks i WTO og utan krav om reduksjonar i aktuelle avtaleutkast.

5 Kantsonetillegg – ny ordning for å jamne ut faktisk driftsulempe

Vi er tilfreds med at det blir arbeida med eit arealtillegg som kan ta omsyn til lengda på kantsone-, eller tal teigar, og gjerne bratt areal, og evt høgde over havet. Dette som kompensasjon for driftsulempe for dei som driv mange mindre skifte.

Vi reknar med at kantsonetillegg bør vere eit av tiltaka i den nye stortingsmeldinga.

6 Nasjonal produksjonsfordeling – skjer store endringar mellom og innan regionar

Det er fullt muleg å starte med alle produksjonar i alle landsdelar, og det er prinsipielt rett. Også med kumjolk, der unge i næringssvake strok er prioritert. Unnataket er geitemjolk og kylling der ein i røynda er vist til område med mottaksanlegg om ein ikkje foredlar sjølv.

Norsk kornproduksjon er særleg avgjerande for nasjonal sjølvforsyning.

Det blir importert store mengder grøvfôr, m.a. til hest, som gjer det muleg med grovfôrproduksjon der det er ønskje om det.

Produksjonsfordelinga i landet må ein sjå som ein gitt faktor. I praksis likevel i stadig utvikling mellom og innan regionar. Med målet om berekraftig matproduksjon tilpassa miljø- og klimautfordringar må vi nytte andre omgrep enn "kanaliseringspolitikken" til å beskrive produksjonsfordelinga. Kanaliseringspolitikken var ein overprising på korn som gjorde det meir lønsamt å dyrke korn der det er best dyrkingsforhold.

Dagens utfordring for å nå nasjonale mål om landbruk over heile landet, er flyttinga av fleire produksjonar til Jæren og dei beste bygdene på Austlandet og i Trøndelag.

Tilsvarende flytting skjer også til dei beste områda innan fylka.

7 Produksjonsmål basert på eigne areal kontra importerte fôrvarer

Næringa ønskjer produsere det som det er grunnlag for i landet. Vi vil tilrå ei målsetting om at norsk produksjon i størst muleg grad skal erstatte import av alle type matvarer og fôrmidlar. Det er ønskeleg å stimulere m.a. produksjon av proteinrike fôrvokstrar.

8 Kostnadsoppbygginga i husdyrproduksjonane - Utvikle nye meir balanserte pris- og kostnadsstrukturar mellom fôrkorn og husdyrprodukt

Kraftfôrprisane er ei avtalesak. Det må skapast dynamiske instrument som balanserer fôrkostnadene i husdyrhalde. Prisfall på husdyrprodukta bør speglast att i kraftfôrkostnadene. Dagens system kan gi avtalte prisar på korn til kraftfôr samstundes som prisen på husdyrprodukta vekslar med marknaden. Dette er aktualisert ved at delar av sikkerheitsnettet kan bli svakare for fleire husdyrprodukt ved den nye marknadsordninga med bortfall av målpris, førebels for storfekjøtt og kylling.

Ei ny ordning kan kanskje vere finansiert ved at det blir opna for at omsetnadsavgiftene kan nyttast til å tilpasse situasjonen mellom produkt.

9 Heimemaling – bruk av eige fôr kan vere fornuftig ressurs- og miljøtilpassing

Skal ein oppnå samla kostnadsreduksjonar kan det vere at ein bør akseptere større grad av heimemalt kraftfôr utan tiltak som skal motverke dette. Samla sett reduserer heimemaling behovet for transport (-støtte), prisnedskrivning og gjer ein del av husdyrproduksjonen rimelegare. For økologisk produksjon er dette spesielt naturleg, men prinsipielt er det rett at all produksjon i størst muleg grad er basert på eigne fôrmidlar. For å styrke dei grovfôrbaserte produksjonane kan konkurranseforskyvinga kompenseraast med auka distrikts- og frakttilskot. Det er t.d. distriktstillegg for gris og egg på Vestlandet m.m.

10 Prisnedskrivning korn – bør bli omprioritert til meir målretta tiltak

Desse budsjettmidlane bør nyttast direkte til dei tiltak og produksjonar det er ønskjeleg å styrke anten det er i korn-, kornbasert- eller grovfôrproduksjon. Med målet om å auke nasjonal produksjon av fôrmidlar er det ikkje noko argument for prisnedskrivning at det også reduserer prisen på importert kraftfôr.

Prisnedskrivning er ikkje målretta: Det stimulerar ikkje nasjonal produksjon generelt eller av spesielle fôrvarer som bør bli prioritert, heller ikkje mengde eller kvalitet i korn, lågt fôrforbruk eller grovfôrprodukt.

Men prisnedskrivninga endrar lønsemda mellom grasbasert og kornbasert produksjon.

Kornet bør koste det som er avtalt direkte og som sikrar tilstrekkeleg lønsemd i den viktige nasjonale kornproduksjonen.

Det bør vere eit mål at norsk produksjon av karbohydrat-kraftfôr og proteinfôr kan erstatte meir av importen. I dag driv Norge store areal i andre land gjennom kjøp av fôrmidlar.

(Prisnedskrivning av 1.233.000 tonn norsk korn à 30,8 øre/kg til kraftfôr = 407 mill kr + 364 tonn matkorn à 23 øre/kg = 86 mill kr, totalt 493 mill kr.)

11 Kraftfôret utgjer for stor del av samla kostnader i jordbruket

Kraftfôrkostnadene utgjer 25% av samla kostnader i jordbruket inkl. kapitalkostnader.

Korninntektene er 2,5 mrd kr - mot kraftfôrkostnadene som er på 5,4 mrd kr.

Kraftfôrprisen svekkjer norske husdyrprodukt i forhold til konkurrerande import.

Det blir "importert" ca 25.000 tonn kraftfôr til dei tre Vestlandsfylka frå eksterne leverandørar og det trugar bøndene sine eigne kraftfôrfabrikkar i regionen. Våre fabrikkar er viktige for å sikre primærproduksjonen i landsdelen. Bøndene kan sjølv sikre grunnlaget for framtidig produksjon på Vestlandet ved å ta kraftfôr frå fabrikkar i Vest-Norge.

12 Rammevilkåra ved etablering for dårlege og

politiske pålagde kostnader for sjølvstendig næringsdrivande er for høge

Prisen ved statens sal av mjølkekvote tek pengar ut av næringa og må ned.

Næringsutviklingspakke: Regjeringa bør som ein del av sin næringsstrategi for landbruket med tilleggsnæringer gå gjennom alle kostnadsdrivande tiltak, avgiftar på kjøttkontroll, kraftfôr, drivstoff, el-kraft, skattar, andre avgifter og regelverk.

Skattefri fondsavsetnad for reinvestering i garden bør bli innført m.a. ved sal av delar av næringseigedom Jfr også skogfondssystemet.

Avskrivingsatsen for næringsbygg i distrikta må opp frå 4 til 8%.

Rekruttering og generasjonsskifte.

Det beste og mest effektive rekrutteringstiltak er konkurransedyktig økonomi. Det bør bli arbeid med eit sett av virkemiddel for dei som skal inn i næringa, inkl skatt, avgift, lovar og enklare reglar. Investeringfondssystemet for unge som ei "BSU-ordning" må kome.

Vi ser behov for tiltak som medverkar til at fleire bruk kjem på sal slik at unge som er interessert kan få kjøpe og drive gard. Det må vere lønsamt å selje gardsbruk i drift framfor å slakte garden. Skattelegginga stimulerer ikkje sal av garden ut av familien.

Det kan vere grunnlag for å sjå på om prisreguleringa av landbrukseigedomar må skilje meir mellom driftsdelen og bustaddelen.

13 Økologisk landbruk – vurdere ny strategi og tiltak som fremmer vareproduksjon

Måla bør vere knytt til etterspurnaden i marknaden og levert produkt.

Øko-landbruk må i prinsippet vere basert på krinslaupsressursar på den einskilde gard.

Det er ikkje berekraftig økologi å stimulere lang transport av innsatsfaktorar eller produkt.

Alle tiltak i næringa bør stimulere til økologisering og miljøriktig produksjon.

Gjødsel- og miljøplan og kvalitetssystemet er slike tiltak.

Krava til dyrevelferd må vere likt for alle produksjonar. For å sikre mest muleg overføring av kunnskap til alle bønder bør hovudansvaret for økologisk landbruk liggje til Norsk Landbruksrådgiving.

Gratis førsteråd bør halde fram. Vidare prioritere midlane slik at dei fremmer produksjon og praktisk rettleiing framfor ulike prosjekt.

Tillegg for økologiske produkt må bli finansiert over marknadsprisen og statsbudsjettet.

14 Klimatiltak i jordbruksavtala basert på god agronomi

Må vere agronomisk basert og heilt konkret gardsretta med inntektsverknad.

15 Landbruksproduksjon på fornybare ressursar uavhengig av fossilt innan 2030

Vi vil støtte ei svært ambisiøs målsetting om at landbruksproduksjonen bør vere basert på nasjonale krinslaupressursar for å sikre langsiktig berekraft. Biodrivstoff må ikkje vere basert på produksjon på dyrka jord utanom avfall. FoU må i hovudsak vere finansiert av dei store budsjettane som er utanom jordbruksavtala.

16 Best muleg gjødsel- og miljøeffekt ved spreieing av husdyrgjødsel

Tiltak må vere tilpassa dei driftsforholda som er i landet og ikkje verke kostnadsdrivande. Men føresetnaden er friske midlar til klimatiltak for heile landet og som ikkje går på kostnad av andre tiltak.

17 Miljøtilskot til hydro-tekniske tiltak, grøfting og profilering – bør bli innført igjen for heile landet.

Det er spesielt viktig både av omsyn til miljø og for å halde vedlike leigejord. Det vil gjere meitemarken glad. Ordninga med høve til rentestøtte til grøfting finner vi ikkje brukbar i praksis.

18 Leigejord stor utfordringa for både bønder og forvaltninga

Omfanget av leigejord vil auke framover. Stortingsmeldinga må omtale virkemiddel med sikte på å oppfylle siktemålet i jordlova, og retningsliner for forvaltninga sin oppfølging av vilkåra for konsesjon.

19 Kunnskapsbasert næring - når formell kompetanse blir mindre

Det er eit tankekors at den generasjonen som går inn i næringa framover vil ha mindre formell landbrukskompetanse enn den generasjonen som går ut. Næringa ønskjer varierte faglege tilbod innan ulike produksjonar og på dyrevelferd. Nye løysingar kan gi eit utdanningstilbod som er tilpassa aktive bønder og unge som skal inn i næringa.

20 Landbruket skaper verdiar for samfunnet

Stortingsmeldinga kan ta for seg samla verdiskaping som heile den norske landbrukssektoren kastar av seg av økonomiske og ikkje-økonomiske verdiar, i dag og i framtidige verdiar. Den bør samanlikne bruk av offentlege ressursar på landbruket med med andre område, og peike på område der landbruksnæringa vil gi god avkastning for sterkare satsing tilbake til samfunnet.

Si din mening, men fatt deg i korthet. Tidens Krav forbeholder seg retten til å redigere og korte ned ferskebreve. Anonyme angrep på identifiserbare eller navngitte personer eller virksomheter, tillatas ikke. Innlegg blir ikke retournert eller honoreret.
Faks: 74 57 00 02 E-post: redaksjon@tc.no
Post: Tidens Krav, Storgt. 41, P.B. 8, 6501 Kristiansund

Rødgrønn allianse mot sosial dumping!

Fellesforbundet avd. 065, Bondelaget i Møre og Romsdal og Landbruk Nordvest vil samarbeide for å forebygge og motvirke sosial dumping i landbruket. Dette vart bestemt på møtet den 10. febr. i Molde.

Forskrift om allmenngjøring av tariffavtale for jordbruks- og gartnerlueringa gjeldande frå 1. januar 2010 vart vedteke samrøystes av LO, NHO og statens representantar. Det er både spesielt og positivt at Landbrukets Arbeidsgivarforening (NHO) går inn for allmenngjøring av tariffavtalen. Ved tilsvarende krav frå Fellesforbundet i byggfag og verkstadindustrien, var NHO sine representantar negativ og røysta mot.

Bakgrunnen for allmenngjøringa i landbruket er at det har blitt dokumentert sosial dumping i grøn sektor i fleire fylker ma. i Nord-Trøndelag, Vestfold, Rogaland, Buskerud og Telemark.

Allmenngjøringa blir spesielt viktig for utanlandske sesongarbeidarar. Dei skal ha timelønn og evt. akkord skal kome i tillegg til minsteløna. Frå mange andre fylke veit vi at til dømes jordbærplukkaarar har fått rein akkordløn. På gode dagar har dei tent godt, men gjennomsnittet har vorte dårleg for mange.

Minsteleona er 103 kroner per time. Med 6 måneder relevant arbeidserfaring 115,15 kroner per time. Dei fleste sesongarbeidarar har opparbeidd ansiennitet og har dermed krav på 115,15 kroner pluss feriepengar.

Fellesforbundet og Bondelaget er einige om at det er viktig å få opp organisasjonsgraden i landbruket. I Møre og Romsdal er berre i overkant av 50 prosent av gårdbrukarane organisert i Bondelaget eller Bonde og Småbrukarlaget. I fleire kommunar og einstkilde fylke er denne prosentten mykje høgare.

Når det gjeld avløyssarar så er organisasjonsgraden bortimot null, berre 4 av rundt 400 avløyssarar med meir enn 40 prosent stilling er medlem i Fellesforbundet.

Landbruk Nordvest betalar tarifføllen, men det er likevel viktig at avløyssarane organiserar seg. Ein høg organisasjonsgrad frå arbeidstakersida er avgjerande for å motvirke sosial dumping på sikt, og for å utvikle næringa i positiv retning og heve statusen til avløyssaryrket og bransjen generelt.

Også med tanke på arbeidet retta mot utanlandske sesongarbeidarar er det viktig at vi har ein godt organisert bransje. Dersom organisasjonsgraden ikkje aukar dramatisk vil grøn sektor bli eit tariffritt område, dvs at det er fritt fram å betale dei lønene ein sjølv måtte ønskje. Då blir det den som er villig til å sel arbeidskrafta si billigast som får jobben. Norske arbeidarar vil bli utkonkurrert og landbruket vil miste tillit og politisk støtte dersom sosial dumping får breie om seg. Etter EØS-utvidinga i 2004 har baltiske land fr tilgang til den norske arbeidsmarknaden.

Det er dessutan ofte langt i frå lov til realitet når det gjeld løn- og arbeidsvilkår for utanlandske arbeidarar. Felles-



Allianse: Rose Malken Flatmo (frå venstre) og Cecilie Søllesvik frå Fellesforbundet avd. 065, Turid Øverås frå Landbruk Nordvest, Arne Magnus Aasen og Gunnar Wentzel frå Bondelaget går saman for å hindre sosial dumping og auke fagorganiseringa innan grøn sektor.

forbundet ønskjer utanlandske arbeidarar velkomne som arbeidskraft i Noreg og som medlemmar i Fellesforbundet. Men vi aksepterar ikkje at dei skal ha dårlegare lønns- og arbeidsvilkår enn norske arbeidarar, seier avdelingsleder i Fellesforbundet Cecilie Søllesvik. Alle som arbeider i Noreg skal ha ei løn det er mutleg å leve av her, uansett om dei kjem frå Litauen, Ukraina eller Bangla Dash!

Fellesforbundet avd. 65 har tilsett Rose Malken Flatmo i 50 prosent stilling for å arbeide mot sosial dumping i grøn sektor i Nordmøre og Romsdal.

Ho vil reise rundt i alle kommunar og ta kontakt med lokale bondelagsleiarar, repr. for avløyssarlaga og avløyssarane. Det vil bli arrangert møter for å auke forståinga for bransjens utfordringar og verdien av å vere organisert og for å samarbeide om å heve statusen til bransjen. Det vil også bli utarbeida informasjon på ulike språk og utanlandske arbeidarar vil bli kontakta når dei kjem som sesongarbeidarar.

Rose Malken Flatmo har til no vore i Tingvoll, i Surnadal, i Rindal, Eide, Averøy og Sunndalsøra for å orientere seg. Ho vil fortsette kommunebesøka og no er det Fræna som står for tur.

Fellesforbundet har også god erfaring med å samarbeide med Arbeidstilsyn, politi og skatteetat. I mange tilfelle der sosial dumping går føre seg, finn ein ofte også skatte umdraging og brot på Arbeidsmiljølova.

I Nord-Trøndelag avdekkta Fellesforbundet at litauiske kvinner tente 35 kroner per time, og arbeidstida var opp i 360 timar per måned. Denne saka har vore under etterforskning av økokrim og skattekrim sidan juni 2009.

Fellesforbundet vil særleg sjå på dei arbeidsgivarane som driv private bem-

anningsbyrå. Vi veit frå andre fylker at det er særleg her sosial dumping blir praktisert.

Det undergrev norske arbeidslivstradisjonar og velferdssamfunnet at solide og lokale bedrifter med tarifføllen blir ikkonkurrert av bedrifter som tilsett utanlandsk arbeidskontrakt på kortidskontraktar med løner under det som er akseptabelt i Norge. Vi veit at desse bemanningsbyråa ofte bryt Arbeidsmiljølova § 14-9 som handlar om vilkåra for å tilsette arbeidarar midlertidig. Mange fryktar med rette at dei mistar jobben eller at dei ikkje får kome tilbake dersom dei organiserar seg.

Vi vil oppfordre gårdbrukarar og andre som ønskjer å tilsette utanlandsk arbeidskraft om å bruke avløyssarlaga eller NAV-Eures eller bemanningsbyrå med tariffavtale.

Det viktigaste verktøy mot sosial dumping er dei som arbeider i bransjen sjølv. Vi tenkjer her først og fremst på dei fast tilsette avløyssarane. Berre gjennom ein sterk fagorganisering og ein seriøs landbruksnæring kan bransjen oppretthalde lønenivået på sikt. Dette er Fellesforbundet avd 065, Landbruk Nordvest og Bondelaget einige om.

Cecilie Søllesvik, avdelingsleder Fellesforbundet avd. 065

Per Olav Heggem, distriktssekretær

Rose Malken Flatmo,

medarbeider på grøn sektor avd 065

Arne Magnus Aasen,

Møre og Romsdal Bondelag

Gunnar K. Wentzel,

Møre og Romadalen Bondelag

Turid Øverås,

Landbruk Nordvest

politikken er bedre enn norsk innenrikspolitik

relse i Norge enn det Albania har maket å gi innenfor egne grenser.

Men at det norske Vegdirektoratet dumner seg ut i slutten av artikkelen i Aftenposten er tragisk: «At Norge gjerdet så dårleg forklarar Vegdirektoratet med geografiske forhold i Norge, og politiske valg». Det blir for dumt! Sammenlikningsgrunnlaget var faktisk

Albania som er beskrevet i lexia som «et villt fjelland».

Men si sannheten: Norge har gitt Albania så mye økonomisk støtte at de har sett seg råd til å bygge ut veinettet i landet. Og det er respektabelt. Det har ikke Norge råd til, til tross for at billettene i Norge er mer økonomisk belastet med skatter og avgifter enn Europa for

øvrig, og at Norge er klassifisert til et av verdens rikeste land. Men Norge er best i verden på utenrikspolitiske tjenester som gigantiske årlige summer til både Afghanistan og Pakistan.

Reidun J. Husby

Jordbruksforhandlingane 2010:

- Må sikre lønsemda

Tilgang på billeg kapital og auka distriktstilskot er forslag til tiltak fylkeskommunen ber om før jordbruksforhandlingane 2010. - No må noko skje, seier leiari i Sunndal Bondelag Ole Magne Bjørnhjell.

Ellen Høstmark
e.ln., hestmark@driva.no

Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at det i jordbruksforhandlingane 2010 vert teke grep for å sikre lønsemda i jordbruket her i fylket og dei andre Vestlandsfylka. «Mjølk- og kjøtproduksjon er berre jektelen i vestlandsjordbruket, og verdiskaping og sysselsetjing er direkte avhengig av rammevilkåra for desse produksjonane.»

Fylkeskommunen ber om at distriktstilskotet til kjøt og mjølk vert auka. «Bøndene skal, til liks med andre næringsdrivande, leve av det dei produserer. Møre og Romsdal har utfordringar med omsyn til strukturprofil, klima og landskap.

STATUS FOR LANDBRUKET I MØRE OG ROMSDAL

I Det er no om lag 3 000 jordbruksbedrifter som driv 570 000 daa jord i Møre og Romsdal. Det vert kvart år produsert om lag 150 millionar liter kumjølk og 10-12 000 tonn kjøt i fylket. Det utgjer 10 % av totalproduksjonen i landet (kjelde: www.sif.dep.no).

I Norsk Institutt for Landbruksøkonomisk forskning (NILF) har rekna ut at den totale verdiskapinga frå jordbruket i fylket var på 700 millionar kroner i 2005. Jordbruket sysselsette på same tid nærare 4 000 årsverk. Mjølk- og kjøtproduksjon på storfe er den desidert viktigaste næringsgreina, med ei verdiskaping på 550 millionar og sysselsetjing av 2 700 årsverk. Deretter kjem sau- og svinekjøt, og regionale klyngjer med produksjon

av grønsaker, frukt og bær, potet, korn og egg.

I Trass i at kvar eining produserer stadig meir, viser tal frå NILF sine bruksundersøkingar at næringa slit med låge inntekter. Eit middels mjølkproduksjonsbruk på Vestlandet hadde i 2008 ei inntekt på om lag kr 200 000,- per årsverk. Prisane på innkjøp av varer og tenester har over tid auka meir enn prisane på sal av mjølk, kjøt og andre jordbruksprodukt. Produktivitetssauken har ikkje kompensert for dette.

I Jordbruket i Møre og Romsdal har opplevd det kraftigaste strukturendringane i landet det siste tiåret. Det har blitt færre, men større og meir produktive bruk. I

dag driv ein gjennomsnittsbønde eit areal på 187 daa, ein auka på 60 daa sidan 1999. Mjølkproduksjonen per bruk er dobla, frå 70 000 liter for ti år sidan, til om lag 140 000 liter i dag.

I Møre og Romsdal fylkeskommune er, som eit resultat av forvaltningsreforma, gjeve høve til å kome med ein uttale framfor jordbruksforhandlingane 2010. Uttaalen skal sendast Landbruks- og matdepartementet innan 01. mars. Forslag til uttale er utarbeidd mellom anna etter innspel frå jordbruket sine næringsorganisasjonar og landbruksavdelinga hos fylkesmannen. (Kjelde: Møre og Romsdal fylke)

Skal diskutere lokallagene

Lokallagenes framtid i Nesset Arbeiderparti står på dagorden når partiet innkaller til årsmøte onsdag kveld. Bressford Arbeiderlag ønsker å opprettholde lokallaget, mens Bidsvåg og omega Arbeiderlag har stemt for nedleggelse.

Årsmøtet skal også behandle en del andre saker. Bressford Arbeiderlag mener ordningen med forskjellige prissoner for kraft må opphøre. Styret i Nesset Arbeiderparti ønsker kommunal medvirkning til bygging av ungdomsboliger. Årsmøtet kommer heller ikkje utenom sjukehusdebatten. Styret i Nesset Arbeiderparti går inn for ett felles sjukehus for Nordmøre og Romsdal med byggestart i 2012.

Skal megle om politikonflikt

Konflikten rundt den framtidige organiseringen av Nordmøre og Romsdal politidistrikt går til megling. Det lykkes ikke partene å kome fram til einighet da de ansatte sine organisasjonar møtte politimester Arnstein Nilssen til forhandlingsmøte mandag. Politimesteren ønsker å organisere politidistriktet i kun to driftsområder. De ansatte frykter dåtigere polititjenester ute i distriktene.

Når går konflikten til Politidirektoratet til megling. Densom meglingen ikke fører fram, skal Politidirektoratet skjære gjennom og ta den endelige beslutningen.

Det krev verkemiddel som både stimulerer til kvalitetsproduksjon, og tek omsyn til driftsvanskar. Distriktstilskotet til produksjon av kjøt og mjølk er eit slikt verkemiddel, som gjev eit prispåslag direkte på avrekninga til den einiskilde bonden. Dette vil vere ein viktig stimulan for vidare satsing på det grovforbaserte husdyrhalde i vår lands-

del,» uttaler Bergljot Landstad, regional- og næringssejef.

Meir kapital

Fylkeskommunen peiker og på at landbruket står overfor eit stort investeringsbehov i åra framover. «Fjøs frå byggeboommen på 70-talet begynner å bli slutten på levetida, og nye krav til dyrevelferd og ny teknologi stiller krav til fornying. Tilgang på billeg kapital for å kunne gjere desse investeringane er avgjerande for å kunne oppretthalde produksjonsvolum, og sikre rekruttering til næringa. Vi treng å modernisere driftsapparatet utan at kapitalkostnadene tek knekken på næringa.» skriv dei og ber om at investeringsstøtta frå Innovasjon Norge vert auka.

Det er noko leiari i Sunndal Bondelag Ole Magne Bjørnhjell kjenn seg att og er einig i.

- Betre rammevilkår og betre tilgang på kapital er det som skal til. Det er heilt påkravd at ramma til Innovasjon Norge vert auka. I fjor vart me lova hogare mjølkpris som kompensasjon for auka grovføring og gjødselpris, men det vart berre litt og det tok lang tid. Vi heng etter med eit så stort etterslep at det skal mykje til for å ta det att. Det må skje noko no, for den vesle auka vi får over jordbruksforhandlingane vert oppeten av auka kostnader.

Utgifter aukar

- Produksjonsstilskotet skal vere eit halvår. Mange slit før dei får det, særleg i januar. Det vert verre og verre. Utgiftene aukar heile tida og skal du leie nokon vert det ført ein tusenlapp i timen, enda ein malar ikkje har så dyrt utstyr som vi bønder. Vi har utstyr for millionar, seier Bjørnhjell. Han har auka på med mjølkekvote, men inntekta går berre ned og ned.


- Auka utgifter gjer at du ikkje tener betre fordi om du aukar produksjonen. Vi tar ut litt pengar å leve for og har det brukbart, men det vert ikkje noko ått til å halde i stand fjøset. Garden krev mykje vedlikehald. Det vert mindre og mindre til å drive garden. Vi får ikkje dekkja utgiftene. Difor driv no mange berre av rein idealisme.

Verdset støtte

- Kva kan stoppa utviklinga? - Folk legg ned heile tida, ein kan ikkje stoppe det. Eg tala nelt med ein bonde på Hamar som sa at det han tena på gravning på eit par veker var like mykje som han hadde tena på dyra eit heilt år. For

ti år sia kunne og kjøpe noko til huset, det kan og ikkje lengre, det må kona, som jobbar utanfor bruket. Rimeleg kapital er ei løysing, men det skjer jo ikkje noko, seier Bjørnhjell.

«Jordbruksjord går ut av drift, og kulturlandskapet vert forringa. Jordbruksnæringa i Møre og Romsdal må få kompensert for dei særlege utfordringane landskapet gjev. Samstundes må næringa få betalt for dei verdiane storsamfunnet får attende, i form av eit fjordlandskap kårå til verdas beste reisermaal,» skriv fylket. - Det er bra at fylkeskommunen peikar på dei tinga med er opptekne av. Vi treng all den støtten vi kan få, seier Bjørnhjell.



Tida renn ut for landbruket

HANDLING: - No må noko skje, seier Ole Magne Bjørnhjell. Mange legg ned bruka. (arkivfoto)

BRUKTE BILER BRUKTE BILER

ANDRE MERKER

- 04 Audi 1,8 T Quattro premium 150 hk 117.000 km227.372,-
- 04 Citroen Xcera Picasso 1,6 SX 54.000 km118.372,-
- 03 Ford Focus 1,6 trend 82.000 km124.233,-
- 01 Ford Focus 21,6 trend 138.000 km84.233,-
- 01 Ford Focus 1,6 trend 120.000 km82.372,-
- 00 Hyundai Gallopher TDI Exceed 6-seater 156.000 km90.426,-
- 07 Hyundai Santa Fe CRDI 4WD 47.700 km251.471,-
- 05 Hyundai Tucson CEDI 4WD 76.000 km243.426,-
- 95 Mazda 323 1,5 2x 140.500 km29.000,-
- 99 Mazda 626 2,0 GLX 136.000 km65.000,-
- 05 Mercedes Benz E-klasse 200 Kompressor Avantgarde 20.000 km341.372,-
- 98 Mercedes Benz E-klasse E 200 Classic 161.000 km 127.443,-
- 07 Mitsubishi Lansen 1,6 Invite 35.000 km169.246,-
- 02 Mitsubishi Space Star 1,3 Family 105.000 km82.233,-
- 04 Nissan Primera 1,9 Cl Acenta 108.000 km172.372,-

OPEL

- 09 Opel Astra 1,7 CDTI Exorlex Edition 13.000 km225.820,-
- 05 Opel Astra 1,4 Enjoy Khima 40.000 km138.233,-
- 05 Opel Astra 1,7 CDTI Enjoy 82.000 km152.372,-
- 04 Opel Astra 1,6 Enjoy 38.000 km144.233,-
- 03 Opel Astra 1,6 Enjoy 76.000 km124.233,-
- 02 Opel Astra Comfort 1,6 148.000 km94.233,-
- 05 Opel Meriva 1,6 Enjoy 84.000 km141.372,-
- 04 Opel Vectra 1,8 Essentia 85.000 km142.372,-
- 04 Opel Vectra Business 80.000 km168.372,-
- 99 Opel Vectra 1,8 CD 16V 237.000 km56.000,-
- 99 Opel Vectra GL 16V 113.000 km74.233,-
- 06 Opel Vivaro CDTI 2900 100 HK lang 103.000 km104.500,-

Autoservice as

With, Della Vel 42, 6511 Kraund, Sunndalstra, Burnedal.

Ut 71 57 17 00, Ut 71 60 65 01, Ut 71 85 16 88

ÅPENT: Mand - Fred 08.30 - 16.30, Tor 08.30 - 16.30, Lørdag 10.00 - 13.00

Veisnutt aksjon

Bondelaget kom med populære matpakker

Fræna bondelag disket opp med de lekreste matpakker til en rekke sjetteklassinger før helga.

ERIK HEEN
erik.heen@r-b.no

ELNESVÅGEN: Fræna bondelag har siden 1997 delt ut matpakker til sjetteklassingene i distriktet. Anne Berit Myrbostad og Randi Varhol smurte 40 matpakker etter fjøstid fredag, og satte kursen mot Haukås skole. Som de har gjort dets mange ganger før.

— Dette gleder vi oss til hvert år. Vi drar til skolen for å informere om det lokale landbruket og snakke litt ku og ost med elevene. Det setter de alltid stor pris på, og så får de seg et skikkelig matpakke attipåtil, med ingredienser som viser litt av hva vi bønder produserer i ingrediensertil, sier Myrbostad.

Norgeia. Denne gangen var det brødskeive med skinke, norgeia og trønderfår som sto på menyen. Agurk og paprika var også inkludert.



Gulrot til elevene: Randi Varhol og Anne Berit Myrbostad smurte 40 matpakker og skrellet haugveis av gulrøtter etter fjøstid forrige fredag. **FOTO: ERIK HEEN**



Matglede: Sjetteklassingene ved Haukås skole satte stor pris på å få bondelaget matpakke. **FOTO: FRÆNA BONDELAG**

Stor produksjon. Hun og kollega Randi Varhol kunne også fortelle elevene at bondene i Fræna produserer nok kjøtt per år til 19.500 personer — og 57.000 personer når

det gjelder melk og ost. — Samtidig kan vi heller ikke legge skjul på at antall gardar med melkeproduksjon bortimot er halvert i årets sjetteklassinger ble

født. Det er nå 106 gardbruk med melkeproduksjon igjen i Fræna, sier Myrbostad, som forteller om god appetitt og fine tilbakemeldinger fra elevene.



Molde, 15. februar 2010

Til
Medlemmer av årsmøtet, andre inviterte og
gjestar som blir invitert for eiga rekning
(i samsvar med liste på baksida)

PÅMELDINGSFRIST: 28. februar

INNKALLING OG INVITASJON TIL ÅRSMØTET I M&R BONDELAG
fredag 12. og laurdag 13. mars 2010 på Hotell Alexandra i Molde

Årsmøtet tek til fredag 12. mars kl 10.30, og blir avslutta laurdag 13. mars med lunsj kl 13.30.
(ferge frå Vestnes fredag kl. 09.00/09.30/10.00) (ferge frå Molde laurdag kl. 14.15 og 15.00)

Delar av første årsmøtedag inviterer vi til landbrukskonferanse om rekruttering:

Nytt tiår med ny stortingsmelding om landbruks- og matpolitikken

Til konferansen vil representantar frå landbruket og politikarar delta til felles utveksling av informasjon, idear og gje inspirasjon, med fokus på rekruttering av unge bønder med tru på framtida i landbruksnæringa, næringsutvikling i kommunen, den teknologiske utviklinga på gardsbruka, landbruksnæringa i den regionale utviklinga og foredlingsindustrien

Konferansen inngår som ein del av årsmøtet i Bondelaget. Fleire stortingsrepresentantar er invitert til samtaler med unge bønder og evt andre i forsamlinga om kva Stortinget bør gå inn for.

Alle inviterte gjestar får høve til å delta med korte innlegg i drøftingane om det er rom for det.
Frå Norges Bondelag møter på årsmøtet styremedlem Svein Guldal, Buskerud.

Førebels kjøreplan begge dagane - sjå baksida.

Endeleg program for konferansen med innleiarar, og årsmøtepapir med sakliste og timeplan, årsmelding og rekneskap, arbeidsplan og budsjett, valnemnda sitt forslag, innkomne saker og andre sakspapir blir sendt ut ca. 4. mars til alle lokale Bondelag, og påmeldte utsendingar og gjestar. Lokallaga fekk innkalling og varsel om tid og stad for årsmøtet i lokallagsbrev 17. desember 2009.

Vedlagt påmeldingsark som vi ber blir returnert innan 28. februar.

Utsendingar frå lokale Bondelag er: Leiaren (eller leiar sin vara). I tillegg vel lokallag med over 100 medlemmer ein utsending for kvar påbegynt 100 medlemmer: 101-200 gir 1, 201-300 gir 2 osv. Dersom leiaren har forfall oppmoder vi om at vara møter.

Fylkeslaget betaler møtekostnadene på fellesrekning (opphald for buande og dagpakke for ikkje buande begge dagar), og reise for lokallagsutsendingar og fylkeslagets representantar. Fylkeslaget yter ikkje møtegodtgjersle, det må vere etter vedtak i kvart lokallagsårsmøte. For bruk av eigen bil gir vi kr 1,75 /km + 35 øre/passasjerkm. Reiserekningsskjema vert delt ut på møtet. Utsendingane får så girert reiseutgiftene etter rekning.

Vel møtt til fylkesårsmøtet!

Helsing
Arne Magnus Aasen - fylkesleiar


Gunnar R. Wentzel - org.sjef


Arild Erlien - org.-kons

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	Mobil:	E-postadresse
PB 2047 Moldegård 6402 Molde	Fannestrandveien 63. Molde	71 20 28 90	907 29 582	More.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag	Org.nr.: 939678670	Bankkonto:	3980.07.11308	Internet:
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto:	8101.05. 91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal

MØRE OG ROMSDAL
BONDELAG



Retunerast til:
MØRE OG ROMSDAL BONDELAG
Boks 2047 Moldegård, 6402 Molde
Tlf 71 20 28 90
e-post: more.romsdal@bondelaget.no

Påmeldingsskjema blir også lagt ut på heimesida
www.bondelaget.no/moreogromsdal

Påmeldingsfrist: 28. februar

PÅMELDINGSSKJEMA

for ÅRSMØTET 2010 I MØRE OG ROMSDAL BONDELAG

frå fredag 12. mars kl 10.00 til laurdag 13. mars kl 13.30 på Hotell Alexandra i Molde

Lokallag:	Namn lokalt Bondelag: _____
Gjest: (org/etat)	Namn på organisasjon/etat: _____
	<p><u>Deltek på: (kryss av)</u></p> <p>Deltek begge dagar + middag <input type="checkbox"/></p> <p>Deltek på årsmøtet berre fredag <input type="checkbox"/></p> <p>Deltek på årsmøtet berre laurdag <input type="checkbox"/></p> <p>Berre konferanse fredag..... <input type="checkbox"/></p> <p>Ønskjer å delta på <u>middag</u> fredag kveld:..... <input type="checkbox"/></p>

Namn utsending/gjest:	Overnatting Dobbelt - <u>Enkelt</u>		Namn dele rom med	Treng ikkje overnatting
1 Adr:				
2 Adr:				
3 Adr:				

Dei som vil ha røykerom, skriv det på påmeldingsskjemaet ovanfor.

Andre merknader:

Dato : Underskrift :

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: PB 2047 Moldegård 6402 Molde	Besøksadresse: Fannestrandveien 63. Molde	Telefon: 71 20 28 90	Mobil: 907 29 582	E-postadresse: More.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 939678670 Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto: Bankkonto:	3980.07.11308 8101.05. 91392	Internet: www.bondelaget.no/moreogromsdal